

Høyring om vidaregåande skolestruktur i Innlandet.

### **Ja til vidaregåande skole på Otta.**

Som tidligare fylkespolitikar og inbyggjar i Sel, fekk eg sjokk da eg høyrde at det hadde blitt fleirtal for å ta med eit forslag om å legge ned Otta i høyringa.

Det er verkeleg eit trist vedtak, sjølv om det er skole som er tema, har ein som fylkespolitikar ansvar for utviklinga i alle regionane heile fylket.

### **Otta som regionsenter.**

Heilt sidan eg var politikar i 80-90 år har Oppland fylkeskommunen hatt ein viktig strategi for å utvikle Otta som regionsenter for Nord- Gudbrandsdal. Årsakene er mange, viktig trafikk-knutepunkt, variert og utviklingsorientert næringsliv bl.a. innan bil og mekanikk, handel og reiseliv, slakteri, vidaregåande skole. Otta med sitt allsidige næringsliv, betyr mykje for busettinga i alle norddalskommunene. Sjølv om selverane også arbeider i andre kommunar, har Otta ei stor nettoinnpendling frå busette i dei andre kommunane.

I samarbeid med fylkeskommunen alt frå 90 åra er det gjennomført fleire tettstadsutviklingsprosjekt, slik at Otta i dag er ein triveleg by å bu i og besøke.

Vidaregåande skolepå Otta har heilt sidan den vart oppretta vore utviklingsorientert, og samarbeidd med høgskolar om ulike desentraliserte utdanningstilbod både innan høgskole og fagskole. Mange lærarar og andre, frå både sør og nord i dalen, har tatt vidareutdanning takka vere desse tilboda. Seinare kom Karrieresentert som gjer ein utruleg god jobb. I haust startar desentralisert sjukepleie. Her betyr sjølvsagt Lokal Medisinsk Senter mykje.

LMS ser vi at betyr mykje både for desentraliserte helsetilbod, som avlastning for sjukehus, arbeidsplass og opplæring i heile regionen.

Som leiar for Foreningen Norden i Sel, har eg i mange år samarbeid med service og reiseliv for å få støtte til nordisk samarbeid, og er imponert over mangeårig samarbeid og utveksling med Sverige, Island og dei baltiske landa. Dette har seinare utvikla seg til utveksling med mange land i Europa, der også matfag deltar.

I tillegg til den nettbaserte underskriftsaksjonen, har vi rundt Otta samla inn over 800 underskrifter. Alle eg snakka med var opprørte over forslaget om å legge ned Otta, og var glad for å kunne støtte skolen gjennom å skrive under.

På møtet på Otta kom det fram at både Nord-Østerdal og Valdres har mange fleire tilbod enn Otta. For å styrke skolen og få fleire elevar, må det bli fleire tilbod på Otta. Ungdom i dag treng eit langt breiare tilbod. Ungdom i denne alderen har også godt av å bli kjende med ungdom frå andre stader, og får ofte nye venner.

På Otta ligg ein komplett vidaregåande skole med plass til 700 elevar, det er to idrettshallar, kulturhus og flott uteanlegg. Vi ser stadig at fylkeskommunen manglar pengar bl.a. til fylkesvegar. Da må det vere meiningslaust å bruke midlar på å bygge/ leige til vidaregåande skole andre stader i regionen.

Vi er besteforeldre til tidligare elevar, og kan bekrefte det som kom fram på møtet, at Otta er ein svært god skole med engasjerte, dyktige lærarar!

Hjelp oss og heile norddalen vidare i det langsiktige arbeidet med å utvikle Otta som regionsenter, og gjer det mogeleg for avdelinga på Otta og halde fram med utviklingsarbeidet og gi ei større bredde i tilbod til det beste for elevar i heile regionen.

Otta 27.08.2024.

Maj-Britt Svastuen

Olav Bismosgt.14F

Otta